

Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NlyR) bind 7)

Nidaros domkyrkje

[893] *NIDAROS DOMKRRK XLII*. (Tidlegare omtala: NOR 1995: 14.)

Innskrifta vart oppdaga ved synfaring i 1992 på andre støttepilar aust for Maria-portalen, midt på vestsida og om lag 35 cm over sokkelen, like ved del vél kjende innskrifta med latinske bokstavar om Lurentius Kálfsson (*LAVRENTIVS CELVII ANVS PEÞRI*, jf. Blom 1956: 200).

Runene er lett rissa med skarp reiskap og er svært tynne i risset. Innskrifta er 25 mm lang og runene (r. 1 og 2) 70 mm høge. R. 1 er berre stav der deler er forvitra, særleg mot toppen. R. 2 har godt bevart stav med kvist ned til høgre frå toppen. Parallelt med denne går tilsvarande kvist om lag frå midten av staven og ned til grunnlina for staven. Det er ikkje spor etter noko snitt som bind desse to kvistane saman.

l R

i r

Det kan her vera tale om ei avstyting av eitt eller anna slag, ut over det gir innskrifta inga språkleg meining. Spesielt ved innskrifta er denne varianten av **r** som elles har vore påvist i grønlandske innskrifter (Stoklund 1981: 144f), men som også er belagt i norrøne innskrifter frå Orknøyane og Skottland (Hagland 1993: 370). Eit så klårt døme på denne særmerkte varianten av **r** synest ikkje elles å vera påvist i norske innskrifter (jf. også Seim 1989: 344f). Kor mykje vekt ein elles kan leggja på det i ei såpass tilfelleleg innskrift som dette, må seiast å vera uvisst.